



Arne Marås

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1654 - 15/15261

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

30.12.2015

Radøy kommune sitt kulturminnefond 2015 - melding om vedtak

Formannskapet i Radøy gjorde i sak 106/2015 i møte 17. desember 2015 følgjande vedtak:

«Arne Marås får 23 000 kroner i tilskot til restaurering av kvernhuset på Marås.

Jan Erik Ottesen får 10 000 kroner i tilskot til restaurering av brygga ved lensmannshuset i Mangersvågen. Det er eit vilkår for tilskotet at alternativ B i planane vert følgd, og at Radøy kommune får høve til å følgja arbeidet.

Sak om revisjon av statuttane for kulturminnefondet vert lagt til politisk handsaming til våren.»

Vilkår for utbetaling

Vilkåra for utbetaling er sett i statuttane for kulturminnefondet § 4:

“Utbetaling av tilskot skjer når restaureringa/istandsetjinga er ferdig i tråd med planane og avtalen mellom tilskotsmottakar og kommunen. For større arbeid kandelutbetaling gjerast etter eigen avtale.

Når ein søkjar har fått tilsegn om tilskot må arbeidet utførast i innan to år, elles kan tilskotet falla bort. Når arbeidet er gjort skal tilskotsmottakar senda kommunen ein kortfatta rapport og godkjend rekneskap.”

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er tre veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminnefondet 2015 - fordeling av midlar
Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond

Mottakarar:

Arne Marås